



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

27 JUL 2015

Hordaland fylkeskommune
samferdselsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>


Vår referanse:
2013/109163-005

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.07.2015

Rv. 13 ved Mønshaugen - omklassifisering veg

I samband med at det er bygd ny veg Rv. 13 Mønshaugen – Palmafossen har Statens vegvesen føreteke ein funksjonskontroll av den gamle vegen og funne at den skal omklassifiserast frå riksveg til kommunal veg.



I samsvar med veglova § 7 første ledd, er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Voss kommune og Hordaland fylkeskommune, der riksvegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert fatta.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vår driftsavdeling har i saman med Voss kommune vore på synfaring på staden og partane har vorte samde om kva tiltak som skulle gjerast, før overtaking kunne finna stad.

Krava som Voss kommune hadde i samband med overtakinga, skal no vera gjennomført.

Vegstrekningane dette gjeld er som følgjer:

- Rt 013 Hp 14 Km 8,450 – 8,683 tilsaman 233 meter
- Rg 013 Hp 164 Km 2,700 – 2,766 tilsaman 66 meter
- Rg 013 HP 254 Km 7,200 – 7,403 tilsaman 203 meter

Den gamle vegen er i dag tilkomstveg til eit bustadhus og vegen vil elles tene som tilkomstveg til gangvegssystem på oppsida av nye vegen.

Ber Hordaland fylkeskommune handsama saka og gje uttale **innan 18.september 2015**


Vår tilråding går på at alle strekningane stettar kravet til å verta omklassifisert frå riksveg til kommunal veg.

Saka vert samtidig send på høyring til Voss kommune.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing



Carl Erik Nielsen
seksjonssjef



Per Steinar Nedkvitne